



## Årsmelding for Kyrkjetunet 2012.

**Årsmøte** for 2011 vart halde på Kyrkjetunet 9. februar 2012. Det var 24 medlemmer tilstades. John Birger Wold heldt andakt og peika mellom anna på Paulus sine ønskje for oss at me må vera på den staden eller i den posisjonen at Gud kan få tala til oss. Då vil Guds kjærleik visa seg gjennom oss.

**Val.** Yngvild Lunde Carnerø gjekk ut av styret og som ny vart Anne Karine Stautland vald. Lars Dalen vart attvald til leiar i styret. Hanne Jorunn Aasen Risøy vart valt til 1. varamedlem og Siv Heidi Eidsheim til 2. varamedlem. 1. varamedlem møter fast på styremøta.

**Styret** har i 2012 vore samansett slik:

Leiar: Lars Dalen.

Nestleiar: John Birger Wold

Sekretær: Anne Karine Stautland

Styremedlem: Åse Heggen

Styremedlem: Olav Granberg

Soknerådet har i 2012 vore representert i styret, med Mattis Gravelseter.

1. vararepr.: Hanne Jorunn Aasen Risøy

2. vararepr.: Siv Heidi Eidsheim

Revisor: Deloitte AS

Valnemd: Magne Østvold, Geir Helge Osaland og Yngvild Lunde Carnerø

Det nye styret fordelte nokre av dei andre oppgåvene slik :

- Kasserarfunksjonen: Lars Dalen fungerer som kasserar, men får hjelp av Kjetil Espeland til bokføring, fakturering m.m..
- Utleige: Åse Heggen.
- Hus / teknisk / vaktmester (praktisk): Olav Granberg.

Styret har hatt 8 styremøte og handsama 56 saker.

Styret har valt å halde fram med dei same undergruppene som føregåande år:

**Programnemnd:** Liv Herborg Wold, John Birger Wold (til 1/7), Jan Børge Landro (frå 1/7), Lars Dalen og Siv Heidi Eidsheim har vore med i denne gruppa. Liv Herborg Wold er leiar. Gruppa drøftar saker som gjeld den åndelege verksemda på huset og kjem med framlegg til styret om ulike møte/arrangement. I tillegg har gruppa hatt ansvaret for og gjennomført ulike arrangement.

**Økonominemnd:** Ole Agnar Aadland, Kjell Stokke, Geir Helge Osaland og Olav Granberg er i denne nemda. Dei har hatt ansvar for og gjennomført vårbasaren og lotteri i samband med Kyrkjetundagane. Dette har tilsaman gitt eit resultat på over kr 60.000. Dei har også sendt ut skriv og tatt kontakt med bedrifter i Ølen/Ølensvåg om sponsing. Kyrkjetunet har i 2012 mottatt kr 60.000 i

gåver frå ulike bedrifter. Økonominemda har også vore pådrivar i å få inn midlar til Kyrkjetunet på andre måtar. Gjevartenesta er det største einskildtiltaket med kr 85.200. Økonominemda er heilt avgjerande for økonomien i Kyrkjetunet. Utan deira arbeid hadde Kyrkjetunet truleg hatt underskot i rekneskapet sitt.

**Marknadsnemnd:** Kjell Stokke, Aud Wenche Klungland, Helga Risøy Vestbø, Ingrid Hole, Randi Dalen og Vidar Berntsen, med varamedlemer Olav Osaland og Frode Haaland. Marknaden vart, som tidlegare år, gjennomført på Ølen vidaregåande skule på ein flott måte og med eit godt økonomisk resultat – omlag kr 80.000 (ekskludert haustlotteriet og komlemiddag). På søndag var det også i år komlemiddag. Eit populært tiltak der mange møtte opp.

**Dugnadsgruppe:** Harald Heggen og Olav Granberg er sentrale i denne nemda. I 2012 var det ingen store tiltak som vart gjennomført, men det er alltid mykje vanleg vedlikehald inne og ute som må gjerast. Harald Heggen fungerer som vaktmeister og han passar på huset på ein svært god måte.

**Kjøkkengruppe:** Gruppa har blitt leia av Åse Heggen med god hjelp av Solveig Haugen og Anne Line Granberg. Åse har organisert kjøkkenpersonell i samband med servering til minnemøte og kursverksemd. Kjøkkengruppa gjer ein flott dugnadsinnsats som gir god inntekt til huset.

**Litt statistikk frå verksemda på huset dette året :** (Tala er skjønsmessige då det ikkje er skrivne notat på dette gjennom året.)

#### **Barnearbeid :**

	Aldersgruppe	Gjennomsnitt frammøtte	Tal møte
Kids of Joy	5-13 år	20	15
Klubben	10-15 år	40	15

#### **Familiarbeid :**

F-16	0-100 år	55	6
Weekend	0-100 år	35	1

#### **Vaksenarbeid :**

Små-/bønemøte	40+	6	35
«Vanlege» møte	40+	30	12
Kvinne-/mannsforum	30+	50	5
Andre arrangement	40+	60	10
Møte arr. av andre	40+	25	5

Av svært vellukka einskildarrangement vil me nemna:

- 10-årsjubileum.
- Kvinne-/mannsforum (fellesforum) under jubileumsveka, eit forsøk som bør gjentakast.
- Songkvelden ved Ole Agnar Aadland, som var ei flott samling.
- Etter mange år utan weekend, vart det arrangert ein flott weekend på Stemnestaden
- Dugnadsfesten som samla mange av dei som gjer dugnad på huset. Dette bør verta ein årleg tradisjon.
- Opningshelga som i år starta med klubb på fredagen, superlørdag (familiar) og så sjølv opningsfesten på søndagen. Ei solid markering av at semesteret starta.

#### **Utleige:**

Minnemøte		80	9
Kurs o.l.		20	5
Utleige medl. o.l.		40	14
Arr. fellesråd, sokneråd	0-100 år	20	Over 60

### Nådde me måla for 2012 ?

Ved årets slutt er det alltid rett å stilla seg spørsmålet om me nådde dei måla me sette oss.

- Når det gjeld praktiske ting som drift av huset, vedlikehald, økonomi m.m., kan me konkludera med at dette har fungert bra. Huset fungerer slik at dei ulike leigetakarane er godt fornøgde med å bruka huset.
- Det åndelege arbeidet på huset har vore aktivt og mange har vore innom.
- I 2012 var det fleire større arrangement enn vanleg, til dømes jubileumsveke. Alle desse arrangementa var med på å skapa meir fokus på Kyrkjetunet sitt arbeid og formidling av Guds ord.
- F-16 har etter fleire år funne si form og det er bra frammøte. Dette er vorte eit godt innarbeidd tiltak som samlar foreldre og barn på ein fin måte.
- Klubbarbeidet er også i god gjenge med mange innom.
- Korarbeidet har for få leiarar og vil vera i fare for å stoppa opp dersom ein ikkje greier å rekruttera fleire til å vera med på dette viktige arbeidet.
- Det er elles mange «vanlege» møte på huset. Desse møta har mykje å gi, men me har ikkje lukkast slik me ønskte med å få eit høgare frammøte.
- Me har i fleire år hatt eit mål om å organisera meir arbeid i smågrupper. Me trur det er viktig at alle har små, men trygge fora til å utvikla tru og teneste i. Det er mange smågrupper i aktivitet, men me veit og at ikkje alle har fått tilbud om vera med i ei eller anna smågruppe. Me har heller ikkje i år lukkast med å organisera dette slik at alle har eit slikt tilbud.

### Kva mål har me for 2013 ?

- Ta vare på dei aktivitetane som fungerer godt og støtta opp om desse, slik at dei kan utvikla seg vidare.
- Ha allsidig aktivitet slik at det vert noko for alle aldersgrupper.
- Det er ei utfordring å få fleire til å koma på dei «vanlege» møta. Dette kan me betra med ein kombinasjon av betre kunngjering av møta og ved at me vert flinkare til å invitera til møta ved personleg kontakt.
- Få til ein årleg tradisjon med weekend og dugnadsfest i tillegg til dei «tradisjonane» me har frå før.
- Få til noko for innvandrarar.
- Ha årlege større møte/arrangement med mellom anna besøk av meir «kjende» personar.
- Få fleire medlemmer.
- Fornya kjøkkenet

Frå styret vil vi rette stor takk til alle som på ulike område gjer ein innsats for Kyrkjetunet. Måtte det vera vår bøn at det arbeidet me her står saman om, må føre til at fleire menneske møter Jesus og blir utfordra til teneste.

Ølen, 26.02.13

Lars Dalen

Olav Granberg

John Birger Wold

Åse Heggen

Anne Karine Stautland

Mattis Gravelseter